



Øygarden brann og redning IKS

Møteinnkalling og
saksframlegg

Styret for Øygarden brann og redning IKS

Dato: 16.09.2019
Tid: 15:00
Stad: *Kreisen, Ågotnes brannstasjon*

Det blir med dette kalla inn til møte i styret for Øygarden brann og redning IKS (ØBR)

Dersom nokon av medlemmane ikkje kan møte, ver vennleg å gje melding om forfall så tidleg som mogleg til Bjørn Olav Paulsen på e-post bop@oybr.no. Ved forfall vil vara bli kalt inn.

Til varamedlem er denne innkalling å sjå på som ei orientering. Dersom det blir aktuelt for varamedlem å møte vil det bli gitt nærare beskjed.

Saker til behandling

	Orienteringssaker
S28/2019	Godkjenning av innkalling og saksliste møte 16.09.2019
S29/2019	Godkjenning av møteprotokoll 17.06.2019
S30/2019	Økonomistatus per 05.09.2019
S31/2019	Rapport etter isoporaksjon
S32/2019	Driftsbudsjett 2020 for ØBR KF
S33/2019	Økonomiplan for 2020 – 2023 for ØBR KF
S34/2019	Revidert investeringsbudsjett 2020
S35/2019	Oppseiing av pensjonsordningar
	Eventuelt

Øygarden brann og redning IKS
06.09.2019

Per Rune Eikeseth (sign.)
styreleiar

Bjørn Olav Paulsen (sign.)
brann- og redningssjef

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	16.09.2019	S28/2019	Bjørn Olav Paulsen
Innkalling og saksliste for møte 16.09.2019			
Trykte vedlegg: Ingen			

<p>Saka gjeld godkjenning av innkalling og saksliste for møte 16.09.2019 Brann- og redningssjefen rår styringsgruppa til å godkjenne innkalling og saksliste for møte 16.09.2019 slik den ligg føre.</p>

Saksopplysningar

Møteinnkalling og saksliste er lest igjennom og godkjent av leiar før den vart sendt ut til styret sine medlem.

Vurderingar

Styret skal godkjenne at innkalling og saksliste er sendt ut i tilstrekkeleg tid før møtet.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

06.09.2019

Bjørn Olav Paulsen (sign.)
brann- og redningssjef

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	16.09.2019	S29/2019	Bjørn Olav Paulsen
Godkjenning av møteprotokoll frå møte 17.06.2019			
Trykte vedlegg: Møteprotokoll frå møte 17.06.2019			

<p>Saka gjeld godkjenning av møteprotokoll for 17.06.2019. Brann- og redningssjefen rår styret til å godkjenne møteprotokollen slik den ligg føre.</p>

Saksopplysningar

Saka gjeld godkjenning av møteprotokoll frå møte 17.06.2019

Vurderingar

Styret skal godkjenne at vedtaksformuleringane er i samsvar med det som vart bestemt på møtet.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner møteprotokollen for møte 17.06.2019 slik den ligg føre.

06.09.2019

Bjørn Olav Paulsen (sign.)
brann- og redningssjef

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	16.09.2019	S30/2019	Bjørn Olav Paulsen
Økonomistatus per 05.09.2019			
Trykte vedlegg: Ingen			

**Saka gjeld enkel rapportering om økonomisk status for selskapet.
Brann- og redningssjefen rår styret til å ta økonomistatus per 05.09.2019 til orientering.**

Saksopplysningar

Styret får ei oppdatering på den økonomiske situasjonen til selskapet ved kvart møte.

Driftsbudsjettet er delt inn i ulike ansvarsområder; administrasjon (120), beredskap (339) og førebyggjande brannvern (338). Så er det ei vidare inndeling i tenester og prosjekter.

Vurderingar

Styret diskuterte i sak S09/2019 rapporteringsnivå. Brann- og redningssjefen vil framover gje ei noko meir detaljert oversikt enn før. Nytt no er ei noko meir detaljert inndeling, med løns- og sosiale kostnader, ordinære driftskostnader og inntekter.

Avd	Område	Rekneskap	Budsjett*	Merknad
Administrasjon	Løn- og sos.kostn	53 %	68 %	
	Ord. Drift**	84 %		
	Inntekter	82 %		
Beredskap	Løn- og sos.kostn	81 %	68 %	
	Ord. drift	78 %		
	Inntekter	74 %		
Førebyggjande	Løn- og sos.kostn	54 %	68 %	
	Ord. drift	67 %		
	Inntekter	66 %		
Samla	Løn- og sos.kostn	71 %	68 %	Beredskap trekk vesentleg opp
	Ord. drift	77 %		
	Inntekter	73 %		

*betyr periodisert

**betyr inkludert disponering av mindreforbruk for 2018. Ordinær drift er 54 % for avdelinga.

Samla driftsutgifter er 73 % , og inntekter 73 %. Merk at 3. tertialoverføring frå eigarane ikkje er ført.

Sidan førre orientering har ØBR gjennomført to større prosjekter, som har tydeleg innverknad på driftsbudsjettet.

Aksjon Isoporreinsking 25.6 – 12.7

Dette var eit oppdrag får Kystverket om oppreinsking av isopor for eit nærare definert område nord for Stureterminalen. Øygarden kommune tilsette 20 personar (16-22 år), mens ØBR tok seg av alt det praktiske. For meir detaljar vert det vist til eiga sak om denne aksjonen. ØBR har hatt utgifter med både utstyr, klede, mat o.a. Dette er forskottert og vert refundert av Kystverket.

Einskilde artar i budsjettet har difor kraftig overforbruk i høve til budsjett, men dette vert altså balansert med refusjonane. Det er per nå ikkje sendt fullstendig refusjonskrav etter aksjonen.

Levering av vatn til Askøy 12.6 – 18.7

ØBR har levert store mengder vatn til ein storforbrukar i Askøy kommune. Dette har vore etter avtale med Askøy kommune. Årsaka var utfordringane Askøy kommune hadde i ein periode med kvaliteten på drikkevatt frå eitt av sine vassverk. Desse leveringane gav store ekstraavgifter, og då særleg til løn. ØBR har sendt refusjonskrav til Askøy kommune iht avtale og vårt prisregulativ.

Ser vi alle avdelingar under eitt, har vi høgare forbruk, men også høgare inntekter enn budsjettet. Brann- og redningssjefen vil gjere nokre interne overføringar mellom artar, frå inntekt til utgifter, for å styrke dei artar, som har særleg høgt forbruk.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret tek økonomistatusen per 05.09.2019 til orientering.

06.09.2019

Bjørn Olav Paulsen (sign.)
brann- og redningssjef

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	16.09.2019	S31/2019	Jan Gaute Fjeldstad Haug
Rapport etter isoporaksjon			
Trykte vedlegg: Rapport etter isoporaksjonen			

Saka gjeld orientering til styret knytt til opprydding av isopor etter lekkasjer frå lenser brukt i oljevernaksjonen etter KNM Helge Ingstad sitt havari. Brann- og redningssjefen rår styret til å ta saka til orientering.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Oljevernaksjonen etter Helge Ingstad medførte utstrakt bruk av oljelenser for å samle inn diesellekkasjen frå havaristen. Dei tøffe vêrtilhøva nord i Hjeltefjorden medførte at ein fekk mykje slitasje på desse lensene. Lensene bruker lause isoporkuler som flyteelement og desse blei liggande i strandsonen rundt havaristen. Øygarden brann og redning IKS fekk gjennom IUA Bergen den 17. juni i oppdrag å organisere ein større mannskapsstyrke for å ta opp isoporen og fullføre aksjonen til 12. juli. Den knappe fristen og behovet for å ivareta beredskapen elles i kommunane gjorde at ein i samarbeid med Øygarden kommune bestemte å ta inn ungdommar i sommarjobb. Det blei rekruttert frå personar som hadde søkt sommarjobb i Øygarden og andre som tok kontakt og søkte jobb. Det blei total tilsett 24 ungdommar som fekk opplæring i fyrstehjelp, HMS, vernebekledning og rett bruk av utstyr.

Metode

Sidan problemstillinga med isoporkuler i dette omfanget i hovudsak er ny i Noreg hadde ein ikkje erfaringsgrunnlag for korleis ein skulle gjere dette. Det blei bestemt å i hovudsak forsøka å bruke ulike typar støvsugarar til formålet. Dalsneset brannstasjon vert brukt som basepunkt for oppmøte, oppklodning og morgenbreif. Deretter vart ein transportert gjennom Stureanlegget til eit framskutt depot på nordsida av Stureterminalen der ein hadde letthus med lunsjrom og toalett. Den daglige aksjonen vert leia av ein skadestadsleiar frå Øygarden brann og redning IKS, og to teigleiarar frå Bergen brannvesen.

Vurderingar

Økonomi/administrasjon

Aksjonen er bestilt av Kystverket og alle utgifter kan difor refunderast Kystverket. Ein slik aksjon medfører store utgifter til innkjøp av utstyr, mat, lønn, og innleige av leigebil og letthus. Sjølv om dette vert refundert frå Kystverket medfører det store utslag på budsjettet. Det er krevjande for organisasjonen og gjennomføre ein slik aksjon, spesielt på sommartid, både med tanke på operativt personell og administrasjon av aksjonen. Refusjonskravet for aksjonen er ikkje ferdig, men ramma for aksjonen var rundt 1 500 000. Dette inkluderer og utgifter Øygarden kommune og Bergen kommune har hatt og får refundert direkte av IUA.

Gjennomføring

Ved oppstart av ein slik aksjon er det mange oppgåver som må løysast på kort tid:

- Lage plan med kostnadsoverslag og få denne godkjent hos kystverket
- Tilsette arbeidskraft
- Organisering av arbeidet
- Gi opplæring og skaffe arbeidstøy til all desse
- Skaffe utstyr, leiebilar og letthus
- Inngå avtale om matforsyning

ØBR klarte å gjennomføre dette på svært kort tid, men det var krevjande og andre oppgåver måtte omprioriterast.

Resultat

Arbeidet var eit tolmodsarbeid der ein til tider kunne få inntrykk av at det var lite framdrift. Resultatet er likevel at ein har tatt opp mykje isopor, estimert til ca 1 100 l isoporkular og rusk. Dette er svært mykje isoporkuler når det vert spreidd rundt i strandsona.

Framhald i saka

Etter hovudaksjonen har ØBR og Bergen brv. i samråd med Kystverket gjennomført avgrensa lyngsviing i området for å brenne opp isoporkuler som er igjen. Dette har fungert bra, men er avhengig av rette vêrforhold. Kystverket har meldt at dei ynskjer å gjennomføra ny befarang i området for å vurdere om ytterligere tiltak er naudsynt.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styre tek rapporten til orientering

06.09.2019

Bjørn Olav Paulsen (sign.)
brann- og redningssjef

Jan Gaute Fjeldstad Haug (sign.)
branningeniør

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	16.09.2019	S32/2019	Bjørn Olav Pauslen
Driftsbudsjett for ØBR KF 2020			
Trykte vedlegg: Ingen			

Saka gjeld driftsbudsjett for ØBR KF for 2020. Brann- og redningssjefen gjer styret særleg merksam på organisasjonsendringa frå IKS til KF. Budsjettframlegget for 2020 skal difor ikkje til behandling i representantskapet. Det har vore møte med rådmann for Nye Øygarden kommune (NØK) der budsjettframlegget har vore diskutert. Framlegget har nokre usikre forhold. T.d. er det uavklart om, eller i kva stor grad, ØBR KF skal betale for støttetenester som skal leverast frå NØK. Ny organisering medfører at ØBR KF vert ein del av NØK, men har eige styret, og rapporterer til kommunestyret. Brann- og redningssjefen rår styret til å tilrå framlegg til budsjett for ØBR KF for 2020, slik det ligg føre.

Saksopplysningar

Styret ba i sak S27/2019 (17.06.2019) brann- og redningssjefen kome attende med ei sak om driftsbudsjett til neste møte. I skrivande stund er det fleire tilhøve for ØBR KF som ikkje er avklart. Det vi veit er at det nye føretaket vert ein del av NØK, og ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt slik ØBR IKS er.

Det går fram av driftsavtalen for det nye føretaket, at ØBR KF skal nytte tilgjengelege kommunale drifts- og støttetenester, herunder økonomi, IKT (herunder verktøy for avvikshandtering og ressursstyring), innkjøp, revisjon, prokura m.m. I budsjettframlegget er det difor føreset at føretaket ikkje lenger skal kjøpe desse tenestene slik ØBR IKS har gjort. ØBR KF har imidlertid nokre heilt særskilde programmar/deltakingar, viss kostnad er lagt inn i driftsbudsjettet.

Følgjande er lagt inn i budsjettframlegget:

- **Andel til 110-sentral** er teken inn fullt. Dette åleine gjev ei ekstra belastning på budsjettet og er estimert til kr 1 598 000. Dette er ei auke på kr 220 000 i høve til 2019. Tal frå Bergen brannvesen)
- Særskild programvare for heimeside (Acos), EcoOnline, Flexite-Fire
- Deltaking i Bjørnis-prosjektet (Gjensidigestiftelsen)
- Bedriftshelseteneste (Salutis) for 6 md. For å sikre at vi har tilgong til slike tenester, om ikkje Nye Øygarden kommune har fått dette på plass frå 01.01.2020.
- **Kapitalkostnadar** ifbm kjøp av nye brannbilar.
- Innføring av fullt vaktlag ved Ågotnes brannstasjon med verknad fom 4. kvartal (krav i vedteken brann-dokumentasjon og dimensjoneringsforskrift)
- Heilårseffekt av stilling som var vakant i 2019.
- Saldering av budsjettet med bruk av kr 650 000 frå ØBR IKS(KF) sitt driftsfond.
- ØBR IKS har tilsette med pensjonsordning frå Fjell kommunale pensjonskasse og Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Det har vore store svingingar i pensjonskostnadar for ØBR IKS. Grunna usikkerhet kring kven som blir ny leverandør, og tidlegare erfaringar, er det difor nytta same nivå som for 2019.

Følgjande ligg ikkje inne i budsjettframlegget:

- Estimert for Nye Øygarden kommune sin andel til Interkommunalt Utval mot Akutt forureining, ligg som tidlegare ikkje inne, og er estimert til kr 148 000 for 2020. Dette er ein reduksjon på kr 59 000 i høve til 2019. (Tal frå Bergen brannvesen)
- Estimert for Nye Øygarden kommune sin andel til Vest Brann- og redningsregion ligg, som tidlegare, ikkje inne, og er estimert til kr 257 000 for 2020. Dette er ein reduksjon på kr 52 000 i høve til 2019. (Tal frå Bergen brannvesen)
- Ev. kostnader til kommunale drifts- og støttetjenester, herunder økonomi, IKT (inkl. verkty for avvikshandtering og ressursstyring), innkjøp, revisjon, prokura m.m. Problemstillinga er ikkje avklart med kommunen.
- ØBR KF vert ikkje medlem av KS Bedrift slik ØBR IKS er. Sidan ØBR KF vert ein del av NØK. Vi føreset at føretaket har tilgong til bruken av KS, som resten av kommunen.

Vurderingar

Det var eit møte mellom brann- og redningssjefen, nestleiar i styret, rådmann og kommunalsjef økonomi 27.08.2019, med særleg fokus på framlegg til driftsbudsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 - 2023 for ØBR KF.

Rådmannen har gjort til kjenne økonomiske utfordringar for NØK for 2020. Brann- og redningssjefen opplever samstundes at rådmannen ser det som viktig å ha ein progresjon i innføring av tiltak i vedteken branndokumentasjon. Etter signaler om dei økonomiske utfordringane, legg ØBR no opp til ein vesentleg lengre tidshorisont for innføring av nye tiltak, enn det som opphavleg var lagt inn i branndokumentasjonen.

Rådmannen er også gjort kjent med tilstand for, og utskifting, av mannskaps- og tankbilar. ØBR har lyst ut ein konkurranse på DOFFIN/TED om kjøp av nye brannbilar for levering i 2020. ØBR held seg her til tidlegare godkjent kommunal lånegaranti, og legg opp til å saldere driftsbudsjettet med kr 650 000 frå driftsfond, i hovudsak for å dekkje inn kapitalkostnader for dei nye brannbilane. Brann- og redningssjefen ser dette som vilje frå styret til å medverke til at auka i kostnadane for brann- og redningstenesta vert mindre i 2020 enn den kunne blitt om ein ikkje nytta midlar frå driftsfond. Sjølv sagt er ikkje bruken av driftsfond bærekraftig over tid, og bør berre gjelde for 2020.

Inndeling	Budsjett		Merknad
	2020	2019	
Brutto driftsbudsjett	36 296 000	33 133 000	Merk at auka ved å leggje inn kostnad til 110-sentralen åleine utgjer kr 1 598 000
Herav avgiftsfinansiert teneste	4 972 000	5 122 000	Feiing og tilsyn med fyringsanlegg
Inntekter og refusjonar	4 276 000	3 930 000	
Overføring frå NØK	32 020 000		I tillegg kjem avsetnad til fond, som vert avgjort av kommunestyret sjølv jf. drifts-avtala pkt. 6.1.4
Overføring frå FSØ*		29 933 000	<u>Ikkje</u> inkludert 110-kostnad. 730 000 av 29 932 000 er til fond

*Fjell, Sund og Øygarden kommunar

Enkel oversikt over status for nye tiltak i brannokumentasjonen, og forslag for implementering			
Tiltak i brannokumentasjonen	Innført		Merknad
	Ja	Nei	
5-delt vaktordning for vakthavande brannsjef	X		
Oppgradert vaktordning Dalsneset brannstasjon – 3 personar i dreiarande vakt, deltid	X		
Ny feiarsvein	X		
Oppgradert vaktordning Ågotnes brannstasjon – frå 3 til 4 personar i dreiarande vakt, deltid		X	Lagt inn for 4. kvartal 2020
Oppgradert vaktordning Skogsskiftet brannstasjon – frå 2 til 3 personar i dreiarande vakt, deltid		X	Forslag; 4. kvartal 2021
Oppgradert vaktordning Ågotnes – innføring av delvis dagkasernert vaktordning		X	Forslag 4. kvartal 2022
HR-ressurs (styrking av personalarbeidet)		X	Uavklart

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret ser det som viktig å ha framdrift i implementering av vedteken brannokumentasjon, og meiner framlegg til driftsbudsjett gjev balanse mellom utfordrande økonomiske tilhøve, og innføring av vedtekne tiltak.

Styret meiner at det er viktig å sikre funksjonell, trygg og effektiv bilpark, og at utskiftingstakten vert oppretthalde iht. investeringsplanen.

Styret slutter seg til framlegg for driftsbudsjett for Øygarden brann og redning KF for 2020, slik det ligg føre.

06.09.2019

Bjørn Olav Paulsen (sign.)
brann- og redningssjef

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	16.09.2019	S33/2019	Bjørn Olav Paulsen
Økonomiplan for ØBR KF 2020 - 2023			
Trykte vedlegg: Ingen			

Saka gjeld økonomiplan for Øygarden brann og redning KF (ØBR KF) for perioden 2020-2023. Økonomiplanen tar utgangspunkt i framlegg til driftsbudsjett for 2020, og gradvis innføring av de tiltak i brandokumentasjonen.

Saksopplysningar

Økonomiplanen går over fire år. Den har utgangspunkt i framlegg til driftsbudsjett for 2020, og er justert for ønskelege tiltak og med ein prisvekst på 2,5 %.

Følgjande nye tiltak er teken inn i planen:

2020	Oppgradering vaktordning ved Ågotnes brannstasjon frå 4. kvartal
	Halvårsverknad for kapitalkostnadar for nye brannbilar (trinn 1)
	Heilårsverknad for stilling som var vakant i 2019.
2021	Heilårsverknad for vaktendringa i 2020 ved Ågotnes brannstasjon
	Heilårsverknad for kapitalkostnadar for nye bilar levert i 2020 (trinn 1)
	Oppgradering vaktordning ved Skogsskiftet brannstasjon frå 4. kvartal
	Tentativ auke i husleige ved brannstasjon i Skogsskiftet grunna nye og større lokalar
2022	Heilårsverknad for vaktendringa i 2021 ved Skogsskiftet brannstasjon
	To nye dagkasernerte stillingar (heiltidsstillingar i beredskap i ordinær arbeidstid) ved Ågotnes brannstasjon 4. kvartal
	Halvårsverknad for kapitalkostnad for nye brannbilar (trinn 2)
2023	Heilårsverknad for to nye dagkasernerte stillingar i 2022 ved Ågotnes brannstasjon
	Heilårsverknad for kapitalkostnad for nye brannbilar (trinn 2)

Med den nye takten i innføring av tiltaka jf. brandokumentasjonen er det lagt opp til så og sei full effekt fom 2023. Berre tiltaket om meir HR-ressursar er i førebels uavklart.

Brandokumentasjonen vart vedteken hausten 2017.

Felles for alle åra er at kostnad til 110-sentral er lagt inn, men ikkje andel til IUA (Interkommunalt utval mot akutt forureining) og VBR (Vest brann- og redningsregion).

Det er heller ikkje stipulert beløp for avsetnad til fond, som kommunestyret sjølv gjer iht driftsavtala, og som altså kjem i tillegg til dei ordinære driftsoverføringane.

Vurderingar

Økonomiplanen inkluderer etter kvart nesten alle dei resterande tiltaka i brandokumentasjon. Den tek også med kapitalkostnader for utskifting av bilpark iht styrets investeringsplan. Merk at det for neste større utskifting av brannbilar (trinn 2) må lagast eiga sak om dette for kommunestyret i Nye Øygarden kommune (NØK).

Sidan det i driftsavtala for føretaket ikkje er fastsett noko fast sum eller prosent for årleg avsetnad til fond (drifts- og investeringsfonda), er det mogleg at investeringsplanen må reviderast. Det er noko utfordrande å lage ein investeringsplan, når ein faktor (avsetnad og bruk av investeringsfond) ikkje er like føreseieleg som når ein har ein fast sum/prosentsats, som vert sett av kvart år.

År	Budsjet 2020 – 2023 (2024) (tal i heile kr 1 000)			
	Bruttobudsjett	Inntekter, refusjonar m.m.	Netto overføring frå NØK (til drift)	Endring frå førre år
2020	36 296	4 276	32 020*	2 087 (489)**
2021	38 697	3 733***	34 965*	2 944
2022	40 982	3 826	37 156*	2 191
2023	43 491	3 922	39 570*	2 414
2024	44 579	4 000	40 579*	1 009

* I tillegg kjem ev. avsetnad til fond, som vert gjort av kommunestyret sjølv.

**Kostnad til 110-sentral er no teken inn. Talet i parentes angir endring utan 110-kostnad. Kostnaden til 110 har kommunane allereie i dag, så det vert ikkje noko netto auke, berre at kostnaden no vert ført direkte til ØBR KF.

***I 2020 er driftsbudsjettet saldert med bruk av kr 650 000 frå driftsfond. Fom 2021 er det ikkje lagt inn noko saldering.

Utskifting av brannbilar

Investering i nye brannbilar er kostbart. I perioden 2020 – 2022 vert tre mannskapsbilar og tre tankbilar skifta ut. Desse bilane vert skifta ut med tre mannskapsbil, to tankbilar og eitt høgdereiskap. Samla nettokostnad for desse kjørtøya vert fort 20 mill. Finansiering skjer med innbyte av dei gamle bilane, bruk av investeringsfond og opptak av lån. Brannokumentasjonen legg opp til 15 års økonomisk levetid for mannskaps- og tankbilar. Bilane som vert skifta ut vil på utskiftingstidspunktet ha gjennomsnittsalder på 18 år. Dette er inkludert mannskapsbilen frå 1995, som vart teken ut av teneste i desember 2018, og avhenda. Kapitalkostnadar for desse utskiftingane er lagt inn i økonomiplanen og forklarar mykje av auka. Samla årleg kapitalkostnad er truleg omlag 2 mill. med gradvis effekt fom 2020 til full effekt fom 2023.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret slutter seg til forslag til økonomiplan for Øygarden brann og redning KF for perioden 2020-2023

06.09.2019

Bjørn Olav Paulsen (sign.)
brann- og redningssjef

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	16.09.2019	S34/2019	Bjørn Olav Paulsen
Revidert investeringsbudsjett 2020			
Trykte vedlegg: Ingen			

Saka gjeld revidert investeringsbudsjett for 2020. Det vert vist til sak S20/2019. Etter at tilbod på nye kjøretøy har kome inn, ser vi at prisane er noko over det som tidlegare vart lagt til grunn. Brann- og redningssjefen ønskjer difor å justere opp budsjettet noko. Brann- og redningssjefen rår styret til å godkjenne revidert investeringsbudsjett 2020 slik det kjem fram under *Vurderingar* i saka.

Saksopplysningar

Saka gjeld ei forsiktig oppjustering av rammene for investeringsbudsjett 2020.

Styret behandla sak i møte 29.04.2019. I saka den gong var det følgjande rammer som vart vedteken:

Ansvar 339 (tjeneste 390)		Øygarden brann og redning IKS - investering Kjøretøy		
Utgifter	Klasse og art	Tekst	Bud 2020	Merknad
	3.210	Kjøp, leige og leasing av transportmidler	12 200 000	
	3.429	Mva. på kjøp i investeringsrekneskapen	3 050 000	
Sum investeringer			15 250 000	
	3.728	Mva. komp. på investering	-3 050 000	
	3.660	Sal av driftsmidler	-900 000	Estimat
	3.910	Bruk av lån	-10 100 000	
	3.948	Bruk av ubunden investeringsfond	-1 200 000	
Sum inntekter			-15 250 000	

Vedtak i sak S20/2019

1. Styret, ser at investeringsbehovet held seg innanfor den tildelte låneramme frå eigarane, og godkjenner investeringsbudsjettet for 2020 slik det ligg føre.
2. Dersom tilboda som kjem inn viser at ramma må aukast, ber styret brann- og redningssjefen kome attende med framlegg til revidert investeringsbudsjett.

Samrøystes vedteken.

Vi har no motteke tilbod på nye bilar, og ser behovet for å ha ei noko høgare ramme.

Vurderingar

Det går fram i pkt. 2 i vedtaket frå sak S20/2019 at brann- og redningssjefen kan kome attende med framlegg om revidert investeringsbudsjettet og det viser seg at ramme må aukast. Slik det går fram no blir rammene for knappe i forhold til kva vi ser for oss av tenleg løysing. Årsake er m.a. svakare krone opp mot euro, og generell prisauke på bilane. Dette utgjer kr 300 000 – 400 000 i forhold til i fjor.

Brann- og redningssjefen ønsker difor å auke både bruken av låneramma, samt litt meir frå investeringsfondet. Forslaget går på å auke låneramma frå 10,1 mill til 10,4 mill, samt bruken av investeringsfond frå 1,2 til 1,3 mill.

Det ser imidlertid ut til at vi har treft bra på anslag på innbytebilar

Ansvar 339 (tjeneste 390)		Øygarden brann og redning IKS - investering Kjøretøy (rev.)		
Utgifter	Klasse og art	Tekst	Bud 2020	Merknad
	3.210	Kjøp, leige og leasing av transportmidler	12 600 000	
	3.429	Mva. på kjøp i investeringsrekneskapen	3 150 000	
Sum investeringer			15 750 000	
	3.728	Mva. komp. på investering	-3 150 000	
	3.660	Sal av driftsmidler	-900 000	Estimat
	3.910	Bruk av lån	-10 400 000	
	3.948	Bruk av ubunden investeringsfond	-1 300 000	
Sum inntekter			-15 750 000	

Opphavleg kommunal lånegaranti var kr 10 614 000. Vi vil med det reviderte budsjettet bruk inntil kr 10 400 000.

Årleg kapitalkostnad aukar med kr 30 – 40 000 avhengig av rentesats. Vi er likevel innanfor det som framlegg til budsjett har teke høgde for i 2020.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret viser til vedtak i sak S20/2019 pkt. 2

Styret ser at det reviderte investeringsbudsjettet held seg innanfor godkjent kommunal lånegaranti og godkjenner revidert investeringsbudsjett slik det kjem fram under *Vurderingar*.

06.09.2019

Bjørn Olav Paulsen (sign.)
brann- og redningssjef

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	16.09.2019	S35/2019	Bjørn Olav Paulsen
Oppseiing av pensjonsordningar			
Trykte vedlegg: Saksframlegg for Fellesnemnda 16.09.2019			

Saka gjeld oppseiing av pensjonsordning med hhv Kommnnal Landspensjonskasse (KLP) og Fjell kommune pensjonskasse (FKP) for tilsette i Øygarden brann og redning IKS. Selskapet vert endra til eit kommunalt føretak fom 2020, og vert då ein del av Nye Øygarden kommune (NØK). Eksisterande tilsette i ØBR IKS vert då tilsett i NØK. Styret må formelt seie opp pensjonsordningane, men tilsette i ØBR IKS vil følgje med over i NØK sin nye leverandør av pensjonsordning. Brann- og redningssjefen rår styret til å vedta innstillinga slik den ligg føre.

Saksopplysningar

Tilsette i Øygarden brann og redning IKS her tilslutta to ulike pensjonsordningar.

Personell som kom frå Øygarden brannvesen og inn i selskapet, opprettheldt sin tilknytning ti KLP. Nye tilsett fom 01.01.2018 og tilsette frå Sotra Brannvern IKS, heldt fram i Fjell kommunalt pensjonskasse.

ØBR vert fom 2020 omgjort til eit kommunalt føretak ØBR KF, og bli integrert i nye Øygarden kommune. Dei tilsett skal då ha same pensjonsleverandør og ordning, som andre tilsette i den nye kommunen.

Ifølg noverande økonomiosjef Svend-Fredrik Untiedt i Fjell kommune må styret seie opp avtalene for ØBR IKS, mens dei tre rådmenna må seie opp for sin respektive kommune.

Alle avtaler må seiast opp innan 30.9.

Alle tilsette i den nye kommunen, også personell får ØBR IKS (framtidig ØBR KF), vil automatisk bli innmeldt i den leverandør som den nye kommunen skal ha.

Innstilling i sak til Fellesnemnda

1. Fellesnemnda sluttar seg til revidert tidsplan for anbodsprosess på forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fellesnemnda vil i ekstra møte 9. oktober 2019 gjere val om leverandør for forsikra pensjonsløyising.
3. Fellesnemnda legg vidare til grunn at dagens avtaler om leverandørar av pensjonstenester som er omfatta av nytt tilbud vert sagt opp innan 30. september 2019 i tråd med avtaleverket, av rådmennene i Fjell, Sund og Øygarden kommune og prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune. Tilsvarande vil gjelda for Øygarden brann og redning IKS.

Vurderingar

Brann- og redningssjefen viser til saksframlegg til Fellesnemnda om «Revidert anbodsprosess for forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune». Svend-Fredrik Untiedt frå Fjell kommune tok kontakt med brann- og redningssjefen om saka, og opplyste at styret måtte gjere tilsvarande vedtak for ØBR IKS, som rådmenna for dei tre kommaune.

Vår tilslutnad til KLP og FKP må difor seiast opp, slik saka til Fellesnemnda også nemner.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret seier opp avtale om pensjonsordning med hhv KLP og FKP med verknad fom 2020.

Styret legg til grunn at tilsette i ØBR IKS vert tilsett i Nye Øygarden kommune og skal ha same pensjonsleverandør og ordning, som andre tilsette i den nye kommunen.

11.09.2019

Bjørn Olav Paulsen (sign.)
brann- og redningssjef